

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
094/19	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	27.11.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Marit Nedreli	18/1857

## 129/96 Hamre - Oppføring av einebustad (minihus) - klage

### Vedlegg:

129/96 - Hamre - Klage på vedtak - Vedrørende avkøyrsel - fv. 365  
18\_155195-10Klage på vedtak - Vedrørende avkøyrsel - fv. 365 - gnr. 129 bnr. 96 - Osterøy kommune  
129/96 Hamre - Søknad om oppføring av einebustad (minihus) - vedtak  
Gnr. 129 bnr. 96 Hamre, Osterøy kommune - Søknad om oppføring av einebustad - gjeld handsaming etter veglova sendt fra Statens vegvesen  
18\_155195-5Gnr. 129 bnr. 96 Hamre, Osterøy kommune - Søknad om oppføring av einebustad - gjeld handsaming etter veglova med vedlegg  
129/96 - Hamre - Søknad om tillatelse i ett trinn  
Soeknad\_signert  
D1\_Situasjonplan  
D2\_Eksisterende\_sitplan  
E1\_plan\_snitt\_fasade  
E2\_Tegning\_bod  
Q4\_Lengdesnitt\_Avkjørsel  
129/96 - Hamre - Søknad om avkjørsel - fv. 365  
18\_155195-2Søknad om avkjørsel - fv. 365 - gnr. 129 bnr. 96 - Osterøy kommune med vedlegg  
Q8\_Uttalelse\_avkjørsel  
12996 - Hamre - Søknad om dispensasjon - oppføring av bustadhus (L)(149684)

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Klagar får ikkje medhald i klage av 07.08.2019, kommunen sitt vedtak av 18.07.2019 saknr. 138/19 vert oppretthalde, og klagen vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

### Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 18.07.2019 saknr. 138/19 skal endrast.  
Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

## Plan- og kommunalteknisk utval - 094/19

### PL - behandling:

### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke (1AP,2SP,1MDG,1FRP)

#### **PL - vedtak:**

"Klagar får ikkje medhald i klage av 07.08.2019, kommunen sitt vedtak av 18.07.2019 saknr. 138/19 vert oppretthalde, og klagen vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

#### **Grunngjeving**

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 18.07.2019 saknr. 138/19 skal endrast. Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

#### **Saksopplysningar:**

##### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i plan- og kommunalteknisk utval.

Dersom plan- og kommunalteknisk utval ikkje tek klagen til følgje, skal saka vidare til Fylkesmannen i Vestland for endeleg handsaming.

Dersom utvalet tek klagen til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på.

##### **Saksopplysningar**

Eigedom: gnr. 129, bnr. 96, Hamre.

Tiltakshavar/eigar: Kristina Britt Hempel.

Ansvarleg søkjar: Norsk bygningsrådgivning AS.

Klagar: Statens vegvesen.

##### **Saka gjeld**

Saka gjeld søknad om oppføring av einebustad (minihus) på gnr. 129, bnr. 96.

Plan- og kommunalteknisk utval har i møte 01.06.2016 saknr. 047/16 gjeve dispensasjon til oppføring av bustadhus på gnr. 129, bnr. 96.

Rådmannen har i vedtak av 18.07.2019 saknr. 138/19 gjeve løyve til oppføring av einebustad (minihus).

Det er motteke klage på vedtaket av 18.07.2019 saknr. 138/19 frå Statens vegvesen den 07.08.2019.

##### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

##### **Klage**

Statens vegvesen har mellom anna klaga på sakshandsamingsfeil, at kommunen har lagt feil vedtak etter veglova til grunn for sitt vedtak etter plan- og bygningslova, og at dispensasjonsløyve var bortfalle då kommunen gav løyve.

Rådmannen syner elles til motteken klage.

##### **Uttale**

Tiltakshavar og ansvarleg søkjar har fått klagen til uttale. Kommunen har ikkje motteke merknader frå tiltakshavar eller ansvarleg søkjar.

## Utsett iverksetjing

Statens vegvesen har i klage av 07.08.2019 bede om utsett iverksetjing av kommunen sitt vedtak. Kommunen har i brev av 29.08.2019 gjeve utsett iverksetjing av kommunen sitt vedtak av 18.07.2019 saknr. 138/19, jf. forvaltningslova § 42. Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd som det ikkje kan klagast på.

## Vurdering

Rådmannen vurderer at klage av 07.08.2019 frå Statens vegvesen er rettidig, jf. forvaltningslova § 29, 1. ledd, 1. punktum.

Kommunen har motteke kopi av vedtak av 31.08.2018 frå Statens vegvesen. Det er i vedtaket mellom anna synt til søknad motteke 02.07.2018, at søknaden gjeld utvida bruk av avkøyrsløve frå Fv. 365 for bustad på gnr. 129, bnr. 96, og at eigedomen ligg ved eit bustadfelt med 12 bustader.

Vidare står det i vedtak av 31.08.2018 frå Statens vegvesen:

### **"Vedtak**

*Med heimel i veglova § 40 og §43 gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrsløve frå Fv.365 til bustadeigedomen gnr. 129 bnr. 96 i Osterøy kommune."*

Kommunen har ikkje motteke informasjon om at Statens vegvesen sitt vedtak av 31.08.2018 er klaga på, og dermed omgjort etter klage, jf. forvaltningslova §§ 33 og 34.

Kommunen har heller ikkje motteke informasjon om at Statens vegvesen har omgjort vedtak av 31.08.2018 utan klage, jf. forvaltningslova § 35, 1. ledd.

Kommunen legg difor til grunn at Statens vegvesen sitt vedtak av 31.08.2018 er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og kommunen kunne leggje vedtaket til grunn for handsaming av søknad om løyve til tiltak på gnr. 129, bnr. 96, jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. forskrift om byggesak § 6-2.

Rådmannen vurderer at kommunen ikkje har gjort sakshandsamingsfeil ved å leggje vedtak av 31.08.2018 til grunn for handsaminga av søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1.

Når det gjeld Statens vegvesen sitt vedtak av 27.05.2019 kan ikkje rådmannen sjå at plan- og bygningslova § 21-5 opnar for at søknad etter veglova kan delast opp i fleire trinn. Sakshandsamingsfristen i plan- og bygningslova § 21-5, 3. ledd på 4 veker kan berre forlengast av kommunen dersom andre styresmakter i særlege tilfelle ber om dette før fristen går ut.

Rådmannen vurderer at kommunen har følgd samordningsplikta i plan- og bygningslova § 21-5, jf. forskrift om byggesak § 6-2.

Statens vegvesen har i klage av 07.08.2019 stilt spørsmål om dispensasjonsvedtaket av 01.06.2016 var gjeldande då kommunen gjorde vedtak i saka den 18.07.2019.

Rådmannen legg til grunn at eit dispensasjonsvedtak er gyldig i 3 år, og fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at dispensasjonsløyve vart gjeve, jf. plan- og bygningslova § 21-9, 1. ledd. Spørsmålet er dermed om tiltakshavar har føreteke fristavbrytande handling i høve 3-årsfristen i plan- og bygningslova § 21-9, 1. ledd.

Kommunal- og regionaldepartementet har i uttale av 09.11.2011 skrive fylgjande om fristavbrytande handling:

*"Det vises til e-post av 18. oktober 2011 der det stilles spørsmål om hva som er fristavbrytende handling i forhold til treårsfristen for dispensasjon i plan- og bygningsloven (pbl.) § 21-9 første ledd tredje punktum.*

*Før ny byggesaksdel i pbl. trådte i kraft i 2010 fulgte det av plan- og bygningsloven av 1985 (pbl. 1985) § 96 første ledd tredje punktum at reglene om varigheten av en byggetillatelse gjaldt tilsvarende for dispensasjon. Pbl. 1985 § 96 første ledd tredje punktum ble tilføyd ved endringslov 25. april 2003 nr. 26, og det følger av Ot.prp.nr.112 (2001–2002) punkt 9.4 at «En fristavbrytende handling i forhold til 3-årsfristen vil være innsending av en søknad om rammetillatelse eller en byggemelding. Der tiltaket ikke krever melding eller tillatelse, vil fristavbrytelsen være igangsetting av tiltaket.» Den fristavbrytende handlingen ville altså være innsending av søknad eller melding der byggetiltaket krevde dette.*

*Pbl. § 21-9 viderefører i hovedsak plan- og bygningsloven av 1985 (pbl. 1985) § 96, med noen språklige endringer. Det følger av Ot.prp.nr.45 (2007–2008) s. 325 at «Første ledd tredje punktum er en videreføring av gjeldende lov § 96 første ledd tredje punktum, og innebærer at dispensasjoner som er gitt separat også faller bort etter tre år dersom tiltaket ikke er satt i gang. Dette innebærer at det må gis tillatelse til tiltak innen tre år for at dispensasjonen ikke skal falle bort». Selv om det fremgår at ny lov § 21-9 første ledd tredje punktum viderefører pbl. 1985 § 96 første ledd tredje punktum, sies det samtidig at den fristavbrytende handlingen vil være at det må gis tillatelse til tiltak innen tre år.*

*Som påpekt i e-posten blir det derfor spørsmål om det ved ny lov var ment å foreta en endring i hva som anses som en fristavbrytende handling i forhold til treårsfristen for dispensasjoner. Altså om den tidligere regel om at selve innsendingen av søknad avbrøt fristen, nå er endret til at det må være fattet vedtak for at fristen skal være avbrutt.*

*Departementet ser at forarbeidene til ny lov gir utrykk for en endring av hva som anses som en fristavbrytende handling i forhold til treårsfristen for dispensasjoner. Imidlertid er en slik endring ikke omtalt nærmere i forarbeidene, og departementet mener at det ikke var meningen å endre rettstilstanden på dette punkt. Den fristavbrytende handlingen i forhold til 3-årsfristen for dispensasjon vil også etter ny lov være innsending av søknad."*

Rådmannen legg til grunn at departementet sin tolkingsuttale av 09.11.2011 gjeld for kommunen sitt dispensasjonsvedtak av 01.06.2016 saksnr. 047/16.

Rådmannen legg vidare til grunn at kommunen mottok søknad om løyve til tiltak 03.04.2019 med tillegg motteke 08.04.2019 og 24.04.2019.

Rådmannen vurderer at tiltakshavar hadde gjort fristavbrytande handling innan 01.06.2019, og kommunen sitt dispensasjonsvedtaket av 01.06.2016 var gjeldande då kommunen gjorde vedtak i saka den 18.07.2019, jf. plan- og bygningslova § 21-9, 1. ledd, jf. Kommunal- og regionaldepartementet sin uttale av 09.11.2011, TUDEP-2011-2454-2.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at klagar ikkje får medhald i klage av 07.08.2019, kommunen sitt vedtak av 18.07.2019 saknr. 138/19 vert oppretthalde, og klagen vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33.